



BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENTET
Postboks 8036 DEP
0030 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Brita Helleland, 5765 3169

Høyringsfråsegn til endringar i mellombels lov om tilpassingar i regelverket for barnevernet og fylkesnemnda for å avhjelpa konsekvensar av utbrotet av covid-19

Fylkesmannen i Vestland støttar Barne- og familiedepartementet sitt endringsforslag om at lova skal gjelda fram til 1. juni 2021.

Me ser at det framleis er behov for å tilpassa regelverket slik at barn er sikra naudsynt omsorg og vern og for å sørge for ei forsvarleg og effektiv saksavvikling i fylkesnemndene.

Unntaksreglane skal berre nyttast når det er heilt nødvendig, og kombinert med ei plikt til å grunngi og dokumentera kvifor unntaksreglane er nytta og korleis barna har medverka, meiner me at det er funne ein god balanse mellom omsynet til rettstryggleik og omsynet til at barn skal få naudsynt hjelp, vern og omsorg til rett tid.

Med helsing

Øystein B Jacobsen
seksjonsleiar

Brita Helleland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

